

Sakshandsamar:

Helen Hjertaas
E-post: helen.hjertaas@sfj.no
Tlf.: 41 53 08 32

Vår ref.

Sak nr.: 13/721-16
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

26173/14

Dykkar ref.**Dato**

MÅLØY, 25.08.2014

Reidun Liljedahl Fimreite, OA

Høyring - Inntak til vidaregåande opplæring

Sender vedlagt forslag til endringar i inntaksforskrift for Sogn og Fjordane. Måløy vidaregåande skule vil kome med følgjande endringar (også lagt inn med raudt i vedlegget).

§ 4 siste avsnitt:

Elevar som ikkje oppfyller vilkåra i §6-28 (skal ha bestått alle fag på lågare nivå for å vere kvalifisert til eit tilbod) eller §6-37 (heilskapleg vurdering av om søkjaren samla sett har faglege føresetnader for å følgje opplæringa på neste nivå), skal få eit tilbod (gjerne på lågare nivå) dei er kvalifisert for så lenge dei har ungdomsrett. I særlege tilfelle kan dei takast inn som deltidselevar.

Dette gjeld elevar som ikkje er kvalifisert til det VG2 eller VG3 tilbodet dei har søkt på. Når dei søkjer den 1. februar eller 1.mars har dei terminkarakter 1.termin å søkje ut frå. Ved inntaket i juli er det 2.termin/standpunktkarakterar som er grunnlaget for inntaket. Elevar kan difor risikere å vere kvalifisert på det tidspunkt dei søkjer, men ikkje på inntakstidspunktet. Det er viktig at dei som ikkje er kvalifisert med ungdomsrett, får eit tilbod dei er kvalifisert for. Tilbod om å vere deltidselev bør vere eit sekundært val.

§ 7 Inntak til særskilde yrkesfaglege utdanningsløp som leiar fram til yrkes- og studiekompetanse – **Tekniske- og allmenne fag (TAF)**

Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterar (konkurranspoeng) og intervju i bedrift. Søkjarar må ha minst karakteren 4 i matematikk og naturfag. I tillegg må søkjarar ha avtale **med skulen om praksis plass/lære plass.**

Her bør ein skrive kva tilbod det gjelder i overskrifta. I tillegg bør ein vere klårare i teksten slik at elevane ikkje oppfattar at det er dei som må skaffe seg lære plass på eigenhand, men at dette skjer gjennom skulen.

Med helsing

Helen Hjertaas
administrativ leiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Høyring - Inntak til vidaregåande opplæring

Mottakar (ar)

Reidun Liljedahl Fimreite, OA

Kopi til:

Karl Ottar Rundereim, MALV
Bekka Skaasheim, OA